

Grunneigarar og berøret partar på Meland og Bjørnestad
v/ Knut Martin Bjørnestad
Bjørnestadvegen 237
5919 Frekhaug

Til
Meland kommune

Ny gravlund må prioriterast ved ny kyrkje i Frekhaug

Då det er planlagt ny kyrkje i Frekhaug så er det ein vesentlig viktig ting som er uteblitt frå dette prosjektet, og det er ei ny gravlund i samband med kyrkja. Grunneigarar og berørte partar på Meland og Bjørnestad ser at med dagens befolkningsvekst så blir bygda hardt belasta i framtida når nye gravlunder legger under seg den beste dyrka marka og levegrunnlaget for gardsbruka i området, som så sterkt er blitt fremja at ligg i eit særrområde for LNF.

Oppsitjarane vil med dette oppfordra politikarane og kommuneadministrasjonen til å samtidig leggja til rette for ein ny gravlund ved ei eventuel ny kyrkje.

Då både ny kyrkje og ny gravlund kan planleggast frå starten av, og samtidig, så kan dette tilpassast betre i forhold til kvarandre og ein kan få den standarden ein ønsker.

Samtidig så får ein gravplassen i nærheita av der det er mest befolkning og minskar transport på ein heller overbelasta veg til Meland, og ein gjer lettare tilgang til dei som vil besøka/ ordne på gravene.

Helsing
Grunneigarar og berøret partar på Meland og Bjørnestad